



Tildeling av tilskudd til Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) - høsten 2025 - ekstra tildeling

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
	Formannskap	03.12.2025

Rådmannens innstilling

Hol kommune løyver SMIL tilskot til følgjande søknader, med grunngiving slik den går fram av vurderinga i saksframlegget:

- 1 Uthus – tiltak stølsbu /fjellstugu Prestholtseter- kr 144 000
- 2 Søndrål - rydde beite Holsåsen - kr 25 000
- 3 Hamarsbøen gard - tiltak stølsfjøs Havsdalen – kr 128 000
- 4 Geilo hestesenter - rydde beite Geilo – kr 66 000
- 5 Fosshaug – rydde beite ovanfor Foss kr 5 200

For tilskot til å rydde beite er det eit vilkår om utleige eller eige bruk til beite for husdyr i minst 10 år etter sluttutbetaling – det er standard vilkår til drift jf. forskrift og retningsliner.

For tilskot til å restaurere gml. stølsbygg er det eit vilkår om at ein brukar opp att materiale når det let seg gjere og elles utfører arbeidet så det vert mest mogeleg likt det som var opphavleg.

Kopi av gjødslingsplan må sendast inn ved anmodning om sluttutbetaling jf. krav til drift i forskrift og retningsliner (dvs frå leigetakar ved utleige).

Saken avgjøres av

Formannskapet

Vedlegg

Vedlegg

- 1 Felles tiltaksstrategi SMIL Hallingdal 2024-2027
- 2 Uthus - restaurering Prestholtseter - foto
- 3 Søndrål - beiterydding - ortofoto
- 4 Søndrål - beiterydding - kartutsnitt
- 5 Hamarsbøen gard - restaurering støl med mjølkeproduksjon
- 6 Hamarsbøen gard - foto
- 7 Geilo hestesenter - kart
- 8 Geilo hestesenter - foto før
- 9 Geilo hestesenter - foto etter
- 10 Foss haug - rydde beite - kartutsnitt

Saksopplysninger

Tildeling av tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) vert tildelt etter felles retningslinjer for SMIL tilskot i Hallingdalskommunane 2024 – 2027, heimla i gjeldande nasjonale forskrift (ved. av Stortinget). For Hol kommune er det vedteke at søknadane skal fremjast for politisk handsaming i formannskapet. Ordinære søknadsfristar var 1. mars (kr 400 000 tildelt i juni) og 20. august (kr 95 000 tildelt i september).

Det var ikkje tilstrekkeleg med midlar til å tildele tilskot til fleire enn to søknadar i september, fordi det var så mange søknadar i våromgangen som fekk tilskot. Hol kommune ba derfor om ekstra løyving frå midlar som andre kommunar ikkje brukte innan 1. november, og fekk deretter ekstra løyving via statsforvaltaren. I tillegg er tre tilsegn om tilskot gått ut og vert inndrege, dei kan fordelast innan same år ellers går dei attende til staten (det same gjeld evt. ramme som ikkje er fordelt i desember).

Det er fem søknadar som no står att:

Søkjar	Tiltak	Kostnadoverslag	Omsøkt tilskot
1 Uthus	Nytt tak stølsbu Prestholtseter	650 000	625 000
2 Søndrål	Rydde beite på heimstøl Holsåsen	50 000	35 000
3 Hamarsbø.	Kraftforsilo ak. stølsfjøs Havsdalen	320 000	128 000
4 Geilo hest.	Rydde beite til hest vestlia, Geilo	132 000	99 000
5 Fosshaug	Rydde beite til mjølkek., over Foss	10 400	5 200

Samla ramme som kan fordelast i desember er dermed kr 422 902, etter ekstra tildeling /inndraging etter utgått arbeidsfrist.

Forhold til overordnet plan

Alle tiltaka ligg i område synt som landbruk-, natur- og friluftsområde (LNF) i arealdelen til kommuneplanen. Samfunnsdelen til kommuneplanen slår fast at kommunen skal forvalte statlege midlar slik at landbruket i kommunen kan gjere drifta si betre ved aktuelle tiltak.

Miljøkonsekvenser

Det er ikkje registrert særlege natur- eller miljøverdiar i Naturbase for omsøkte område. Tiltaka gjer det mogeleg å forvalte og skjøtte områda betre enn i dag, og kjem uansett ikkje i konflikt med dei omsyna naturmangfaldlova §§ 8-12 skal ivareta.

Økonomiske konsekvenser

Ingen for kommunen, dette er statlege midlar som kommunen fordeler jf. forskrift og retningslinjer kvart år.

Vurdering

Generelt:

I vurderinga av samtlege søknadar brukar ein retningslinene og satsane i desse i tillegg til gjeldande forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL).

Etter nasjonal forskrift kan ein berre gi støtte til utvendige tiltak på verneverdige bygg, og det er uansett sett grense for kor mykje ein kan gi i tilskot, det er pr. no avgrensa til kostnad på kr 360 000, med sats på 40 % gir det maks. kr 144 000 i tilskot.

I februar 2025 opna statsforvaltaren /Landbruksdirektoratet for at kommunane kan løyve SMIL tilskot til restaurering /tiltak til bygningar på stølar. Kommunane i Hallingdal er einige om å prioritere aktive stølar med mjølkeproduksjon før andre, jf. nasjonal og regional satsing på å bevare stølsdrift. Vanlegvis hentar kommunen inn uttale frå fylkeskommunen ift verneverdien, det er mindre aktuelt når det gjeld istandsetting av stølsbygg.

Til å rydde beite kan ein gi inntil 50 % tilskot til maskinell og manuell rydding samt utskifting av gjerde etter fastsette satsar, når beitet skal brukast til eigne husdyr eller vert leigd bort til aktive gardbrukarar som har beitedyr. Jf. forskrift og retningslinjer skal kommunane setje krav om faktisk beitebruk, fordi dette er meint som landbrukstiltak og ikkje landskapspleie i seg sjølv.

I tillegg til maks. tilskot på kr 5 000 pr. da har ein siste åra også nytta maks. samla tilskot på kr 150 000.

Konkret vurdering av kvar søknad:

Søkjjar	Tiltak	Rev kostnadsoverslag	Maks. tilskot i ordn.
1 Uthus	Nytt tak stølsbu Prestholtseter	360 000	144 000

Taket må skiftast på Prestholtseter fjellstugu /gml stølsbu, kafedrift og utfartsmål under Hallingskarvet. Igangsett juli, plan om å fullføre i løpet av oktober 2025, uklart om det er gjort sidan det ikkje er søknadspliktig tiltak. Søkte før oppstart. Jordbruksareal vert leigd ut, men ikkje på Prestholtseter. Ikkje eigne husdyr. Alt for stort tiltak for SMIL, som er eit lite

landbrukstilskot over jordbruksavtala, dette er heller ikkje verneverdig bygg (registrert i Sefrak) og kommunen skal jf. retningslinene prioritere aktive gardsbruk høgast i denne ordninga. Rådmannen kan likevel under tvil tilrå at ein løyver noko tilskot innanfor maksimal ramme etter retningslinene, sidan midla er disponible etter øvrig fordeling og det er mogeleg å knyte dette også til opphavlege stølsbygg i landbruket sitt kulturlandskap. Kommunen har ikkje vore i kontakt med fylkeskommunen om tiltaket.

Søkjjar	Tiltak	Rev kostnadsoverslag	Maks. tilskot i ordn.
2 Søndrål	Rydde beite på heimstøl Holsåsen	50 000	25 000

Maskinell krattknusing på Nystølen under gardsbruk. Ikkje eigne husdyr, men leiger bort jordbruksareal til slått og beite. Effektivt tiltak som gir betre beite for sau og storfe (utleige). Plan om å gjennomføre frå oktober 2025 til oktober 2026. Kommunen skal jf. retningslinene prioritere aktive gardsbruk høgast i denne ordninga. Rådmannen kan likevel tilrå at ein løyver dei midla som er disponible etter øvrig fordeling, også fordi det er sikkert at beitet vert godt brukt i etterkant.

Søkjjar	Tiltak	Rev kostnadsoverslag	Maks. tilskot i ordn.
3 Hamarsbøn	Kraftforsilo ak. stølsfjøs Havsdalen	320 000	128 000

Kraftfôrsilo på støl med mjølkekyr. Aktiv støl med mjølkeproduksjon i Havsdalen. Treng kraftfôrsilo for å føre med kraftfor i tillegg til beite for at kyrne kan mjølke der om sumaren, det er (dessverre) nødvendig og vanleg i dag. Viktig tiltak for å sikre stølsdrift i framtida også, einaste støl i drift i Havsdalen. Plan om å gjennomføre frå oktober 2025 til juli 2026 (evt. litt lenger tid). Opna for å løyve SMIL tilskot til dette, sjølv om det er meir ordinær drift enn miljøtiltak, stølsdrift kom i fjor haust m.a. på UNESCO si liste over immateriell kulturarv, det gjer også at ein må støtte stølsdrift meir enn før. Bør prioriterast høgast av attverande søknadar.

Søkjjar	Tiltak	Rev kostnadsoverslag	Maks. tilskot i ordn.
4 Geilo hest.	Rydde beite til hest vestlia, Geilo	132 000	66 000

Beiterydding i naturbeitemark /beitehage i Vestlia, er gjerda inn og skal nyttast til eigne hestar jf. oppretting av grunneigedom 66/1112 etter jordskifteslutning. Nødvendig tiltak for å ha nok beite til eigne hestar og sikre framtidig drift, samt halde oppe kulturlandskapet. Plan om å gjennomføre frå august 2025 til november 2025 (evt. litt lenger tid).

Søkjjar	Tiltak	Rev kostnadsoverslag	Maks. tilskot i ordn.
5 Fosshaug	Rydde beite til mjølkek., over Foss	10 400	5 200

Beiterydding på landbrukseigedom utleigd til gardsbruk som har mjølkeproduksjon på kyr. Mindre tiltak som gir betre beite for kyr og eigne sauer, sikkert at det vert brukt. Plan om å gjennomføre i løpet av hausten 2025. Søkte før oppstart. Lite tiltak, men alle monner dreg. Fekk t.o. kr 80 000 i SMIL tilskot i september til å setje i stand fjøs på støl med mjølkeproduksjon.

Konklusjon:

Rådmannen kjem fram til slik tilråding når ein vurderer søknadane ift forskrift for SMIL ordninga og retningslinene, og der ein prioriterer søknadar som er knytt til aktivt landbruk og som er best dokumentert og viktig å få gjennomført no.

Det har vore uvanleg krevjande å sakshandsame søknadane når så mange ventar med å søkje til hausten kjem. Ein har fått tilleggsmidler og noko er inndrege pga utgått arbeidsfrist.

Kr 368 200 er innstilt fordelt og kr 54 702 går derfor attende til omfordeling til andre kommunar. Rådmannen vil likevel ikkje tilrå å løyve meir tilskot enn det som er avgrensa etter retningslinene, fordi dette vil føre til svært uheldig forskjellsbehandling.

Søkjar	Tiltak	Rev kostnadsoverslag	Tilrådd tilskot
1 Uthus	Nytt tak stølsbu Prestholtseter	360 000	144 000
2 Søndrål	Rydde beite på heimstøl Holsåsen	50 000	25 000
3 Hamarsbøn	Kraftforsilo aktiv stølsfjøs Havsdalen	320 000	128 000
4 Geilo hest.	Rydde beite til hest vestlia, Geilo	132 000	66 000
5 Fosshaug	Rydde beite til mjølkek., over Foss	10 400	5 200